

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter Jon J. Kjellevold f. 1/10. 1864.

SVAR

1. Arden er ikkje i bruk no lenger. Plog er brukt.
2. Nei. Arden vart brukt ~~i~~ staden for plog. "Vi hadde ikkje ard på vår gard den tid eg vaks opp, men eg såg slike i bruk. Til å mylde kornet ned med brukte dei store mylderiver av tre."
3. Arden gjekk ut av bruk så lenge sidan at berre dei eldste har noko kjennskap til han. Hypeploggen er av nokså ny dato.
4. Etter det J. K. minnest var det nærast nr. 4.
5. Ukjent.
6. Skoklane både til ard og plog vart kalla "tinle" (eit tinlepar)
7. Ukjent.
8. Arden hadde ikkje veltefjøl.
9. Nei.
10. Ein kunne ikkje regulera dei, det J. K. minnest.
11. Slike typer har J. K. sett i bruk her, men han kan ikkje gje nærare greide for dei.
12. Dei vart laga i bygda.
13. No vert det brukt berre fabrikksmidde plogar. Den fyrste moderne ploggen som kom til bygda kjøpte forteljaren i Vik i Sogn i 1885. Prisen var 24 kroner. Plogane vart kjøpte frå andre stader. Ingen vart laga her i bygda.
14. Frå fyrst av var plog nr. 15 den mest vanlege. Veltefjøl og sole var av stål, og var vridd.
15. Dei hadde stundom med ein spade til å skrapa molda ~~molda~~ av bladet med, men noko serleg feste er ikkje kjent.

16. Ploggen vart vanleg lagt på veltefjøla.
17. Det hende at dei sette slike klossar på plogåsen, men forteljaren kjende ikkje til noko namn.
18. Ein brukte mest berre høgrehandsplogar, men det fanst også pløgar med veltefjølur som kunne stillast slik at ein kunne pløya baa vegar. Desse plogane kom visst frå Jæren.
19. Ein kunne vanleg pløya omlag 6 tommar djupt. Det var ikkje hjul eller noko anna stille på dei gamle plogane. Ein laut berre trykkja ploggen nedi.
20. Det var jamt kniv eller ristel på plogane.
21. Ukjent her.
22. Ukjent her.
23. Forteljaren trur å ha sett slike plogar her, men han kan ikkje seia om dei har vori i bruk i hans tid eller gje nærare greie på korleis dei var laga.

Ordet ard vert uttala ar. Det er hankjønn. Ard er visst berre brukt om den gamle reiskapen som velte jorda til baa sider.

Tillegg.

Lærer Bjarne Undertun har gjevi meg desse opplysningane frå Oppdalsøyra i Gulen herad.


"Ard har ikkje vori bruka i gamal tid her på Oppdalsøyra. Dei fleste spadde åkrane sine. Ein og annan hadde treplog. Ploggen likna nr. 8, men han hadde to veltefjølur, så dei kunne pløya baa vegar. Fjølene hadde hengsler framme, og kunne slåast saman på høgre eller vinstre sida etter som ein ville.

Folk arbeidde plogane sine sjølve, men namn på dei ymse delene kan forteljaren ikkje seia noko om. Den fyrste fabrikkploggen kom til bygda omlag i 1880. Han var frå Moelven bruk.

Her er ein mann som brukar ard når han set poteter no. - Men det har han lært i indre Sogn, då han var dreng hjå godseigar Heiberg, Amble.

Han kører opp ei for med arden, så set dei poteter, og rakar over med ei rive.

Arden hans har handtak eller styre oppå såleis:



2916